

UTKAST

HANDLINGSPLAN

SAMARBEIDSRÅDET FOR

SUNNHORDLAND

2010

HANDLINGSPLAN 2010

Strategisk plan for Samarbeidsrådet for Sunnhordland 2010-2013

Strategisk plan for Samarbeiderådet for Sunnhordland 2010-2013 har vore til høyring i kommunane i mars 2010. Den strategiske planen dannar grunnlaget for årlege handlingsplanar.

Dei overordna måla for perioden 2010-2013 kan oppsummerast i to punkt:

1. Sunnhordland skal vera i front nasjonalt når det gjeld regionalt samarbeid.
2. Samarbeidsrådet for Sunnhordland skal vera den ønskja samarbeidspartnaren for kommunane, fylkeskommunen, naboregionar og staten i deira arbeid for ein heilskapleg , regional utvikling.

Felles regional satsing 2010-2013

1. Samferdsle
2. Omdømmebygging/ rekruttering / kompetanse
3. Næringsutvikling
4. Vidareutvikla næringssamarbeidet i regionen
5. Folkehelseprofil
6. Samarbeidsrådet som møteplass og drøftingsorgan
7. Bidra til gode interkommunale løysingar for tenesteproduksjon
8. Aktiv påverknad for å sikra regionen og den einskilde kommune sine interesser i regionale og nasjonale spørsmål.
9. Initiera og delta i opne og tillitsfulle dialogar med potensielle samarbeidspartnarar

Handlingsdelen er det operative styringsverktøyet for alt arbeidet i Samarbeidsrådet, og seier noko om mål og prioriterte tiltak for å nå måla. Handlingsdelen vil bli rullert kvart år.

A HOVUDSATSING

1. SAMFERDSLE

Arbeidet med å betra samferdselsløysingane internt i regionen og mot omverda er eit langsiktig og krevjande arbeid. Samarbeidsrådet for Sunnhordland har så langt vore ein aktiv pådrivar for å sikra felles regionale prioriteringar innanfor denne sektoren, noko som har resultert i realisering av fleire, store og små prosjekt. I perioden som kjem vil det bli lagt vekt på å utvikle gode samarbeidsprosjekt med fylkeskommunen, naboregionane og næringslivet for å gjera det meir sannsynleg at samferdselsprosjekt i vår region vinn fram i dei nasjonale prioriteringane.

Revidert Samferdselsplan for Sunnhordland vart vedteken hausten 2008. Planen ligg i botn for alt arbeidet som vert gjort innan samferdsle.

1.1 Samferdsleplan for Sunnhordland

Mål

Leggja fram ein revidert samferdsleplan for Sunnhordland med prioriteringar til handlingsprogrammet for Nasjonal Transportplan 2014-2017 og Fylkesvegplanen for same periode.

Prioritert arbeid 2010

- Utarbeida anbodsgrunnlag for arbeidet med planen
- Finansiera arbeidet
- Starta opp arbeidet hausten 2010



1.2 Stamvegnettet

Ferjefri kyststamveg E 39

Mål

Ferjefri kyststamveg mellom Bergen og Stord med i Handlingsprogram for Nasjonal transportplan for 2014-2017

Prioritert arbeid 2010

- Sikra at KVVU vert gjennomført innan tidsfrist for å koma med i NTP 2014-2017
- Ha ei aktiv rolle for å sikra prioritering og finansiering av prosjektet

E 134

Mål

Finansiering av nye tunnelar ved Røldal og utbetring av Stordalen i Handlingsprogram for Nasjonal transportplan for 2014-2017

Prioritert arbeid 2010

- Skaffa brei allianse for prioritering av veganlegga
- Sikra midlar til planarbeid

1.3 Fylkesvegnettet

Mål

Sikra finansiering til lokale og regionale veganlegg.

Prioritert arbeid 2010

- Prioritera mellom regionale og lokale veganlegg
- Minst eit møte med samferdsleutvalet i fylkeskommunen

1.4 Kollektivtrafikk i Sunnhordland

Mål

Betre kommunikasjon mellom buss, ferje og hurtigbåt.

Prioritert arbeid i 2010

- Møte mellom dei ulike tilbydarane, kommunane og Skyss/Hordaland fylkeskommune

2. OMDØMMEBYGGING/REKRUTTERING/KOMPETANSE

Regionen har behov for fleire innbyggjarar og meir arbeidskraft. Difor er omdømmebygging/rekruttering eit prioritert arbeid i Samarbeidsrådet for Sunnhordland. Omdømmebygging er eit langsiktig arbeid som må forankrast i heile regionen for å lukkast.

Mål

Styrkja regionen sitt omdøme som bu og arbeidsstad.

Prioritert arbeid i 2010

- Gjera ferdig og vidareutvikla nettportalen www.buisunnhordland.no
- Forankra arbeidet i regionen
- Velje kommunikasjonskanalar
- Gjennomføre ulike tiltak i kommunikasjonsstrategien
 - i regionen
 - mot andre målgrupper
- Finansiera tiltaka



B VIKTIGE UTVIKLINGSOPPGÅVER I REGIONEN

3. NÆRINGSUTVIKLING

Næringsutvikling skal vera ei prioritert satsingsoppgåve for Samarbeidsrådet.

Gjennom partnerskapsavtale med Hordaland fylkeskommune har Samarbeidsrådet for Sunnhordland forplikta seg til å arbeida for det regionale utviklingsarbeidet. Ein viktig del av arbeidet er å stimulera til næringsutviklingsarbeid på tvers av kommunegrensene og fylkesgrensene (der kor det ligg til rette for det) for å utnytta regionen sitt samla vekstpotensiale.

3.1 Entreprenørskap/nyetablering

Entreprenøren er kjenneteikna ved å utvikla forretningsidear, starta eige bedrift eller vidareutvikla næringsverksemdar aleine eller saman med andre.

Mål

Levedyktige etableringar

Prioritert arbeid 2010

Gje etablerarane hjelp med forretningsideen gjennom råd og vegleiing til blant anna å utarbeida forretningsplan, søkja finansieringsinstitusjonar om stipend og/eller lån.

3.2 Etablerarkurs

Mål

Målet med etablerarkursa er å gje etableraren ei allsidig innføring i kva det inneber å starta opp si eiga bedrift, og å formidla kunnskap som etableraren treng for å kunna driva bedrifta.

Prioritert arbeid i 2010

Gjennomføra følgjande kurs:

13. januar	økonomikurs
10 og 24 mars	grunnkurs (utarbeiding av forretningsplan)
6. mai	økonomikurs
19. mai	marknads- og kommunikasjonskurs
15. september	sal og servicekurs
20 og 27 oktober	grunnkurs (utarbeiding av forretningsplan)

PRIORITERTE NÆRINGAR I SUNNHORDLAND

3.3 Reiseliv

Hausten 2009 starta arbeidet med å laga ein ny Strategisk handlingsplan for reiselivet i Sunnhordland for perioden 2010-2015.

Mål

Ta initiativ til å organisera og utvikla reiselivet i Sunnhordland slik at regionen får ei betre utnytting av potensialet som regionen har innan reiselivet. Samarbeidsrådet skal koordinera arbeidet, søkja om finansiering og setja i verk tiltak i planen.

Prioritert arbeid 2010

- Marknadsplan 2010 med marknadsverkty
 - Internett og online booking
 - Publikasjonar og brosjyrar
 - Messer og workshops
 - Annonsar og kampanjar
- Utvikle marknadsorientert produktutviklingskonsept
- Produktpakking og kommersialisering
- Hovudprosjekt "Sykkel i Hordaland", som inkl. "destinasjonssyking i Sunnhordland"
- Utvikling av merkevarestrategi
- Reiselivsrekneskap
- Reiselivsfagleg kompetanse
- Styrking av arbeid med fellesoppgåver

3.4 Marin sektor

Østers

Sunnhordland har gode føresetnader på å bli store på produksjon av østers. Regionen har mange eigna lokalitetar, produksjon av yngel og mykje kompetanse innan faget. Det er likevel ein del utfordringar som må løysast for å kunna oppskalera produksjonen.

Næringa er avhengig av å få gjennomført FoU planen som er utarbeida. Den består av fem prosjekt gjennom heile verdikjeda. Den skal leggja til rette for ei oppskalering av næringa ved å

løyse naudsynte flaskehalsar og ved å dokumentera dei spørsmåla potensielle investorar vil stilla før dei går inn i næringa. I løpet av ca 5 år vil produsert volum konsumøsters truleg auka til det femdoble av i dag, men fyrst etter gjennomført FoU plan vil ein kunna svara på om det er rett å foreta ei større oppskalering av norsk østersnæring.

Mål

- Implementera ein dyrkingsteknologi og produksjonsplan ved nettverket sine dyrkingsanlegg som er effektiv, og gjev eit produkt som tilfredsstillir ein definert kvalitetsstandard
- Vidareutvikla dyrkingsteknologi som skal gje østers av enda betre kvalitet samt vera enda meir effektiv.

Prioritert arbeid i 2010

- Vera prosjektansvarleg for eit teknologiprojekt i regi av produsentar, Innovasjon Noreg, Hordaland fylkeskommune, VRI og Skattefunn
- Utvikla nettverket mellom aktørane



3.5 Energi

Industrien i Sunnhordland har gode føresetnader for entreprenørskap og innovasjon innan miljøteknologi. Gjennom satsing på miljøteknologi ved Rubbestadneset vidaregåande skule har bedriftene og teke eit ansvar for rekruttering og kompetanseutvikling innan miljøteknologi.

Prioriterte tiltak:

- Stimulera til meir innovasjon i energisektoren for å få fram nye produkt, bedrifter og kunnskapsmiljø.
- Stimulera til satsing på bioenergi, småkraftverk og utvikling av ny teknologi mm.

3.6 Kulturbasert næringsutvikling

Sunnhordland har mykje å byggja på innan dei ulike kulturområda og mange er komen svært langt innan sine greiner. Litteratur, musikk, biletkunst, design, scenekunst, revy, film og idrett er Sunnhordland sterke på. Fleire fellesarena kan vera med på å opna for nye idear og utvikling.

Felles ABS region med kultur som tilleggselement:

Å utvikle robuste arbeids-, bu og servicemarknader er eit satsingsområde i norsk regionalpolitikk. Ved å føye til ein K for kultur får me omgrepet ABSK-region, som kan vera vel så høveleg i Sunnhordland. Kultur er eit identitetsskapande lim i ein region og viktig for å skapa arbeidsplassar blant anna innanfor reiseliv, men også som synergieffektar med anna næringsliv.

Prioriterte tiltak:

- Skapa ei samarbeidsplattform mellom miljø, kultur/idrett og næringslivet for utvikling av ny næringsverksemd. Dette er og eit tiltak innan omdømmebygging
- Initiera, finansiera og starta opp eit prosjekt "Kultursatsing som reiskap for næringsutvikling i Sunnhordland".
- Støtta opp om eit samarbeid mellom regionale festivalarrangørar .

3.7 Innovasjon og design

Design er i utgangspunktet ein verdiskapande profesjonell praksis, basert på ein tverrfagleg heilskapleg kompetanse med fokus på skapande prosessar. Design skilje seg frå andre fag ved å ta for seg det som kan verta og realisera det som enno ikkje eksisterer gjennom ein profesjonell designprosess. Når dette vert gjort på bakgrunn av menneskelege behov og med ein heilskapleg økonomisk tilnærming til marknaden kan ein få til innovasjon i produkt og tenester.

Mål

Auka bruk av designkompetanse og skapande prosessar som verktøy i bedriftsutvikling

Prioritert arbeid 2010

- Utvikla eit regionalt hovudprosjekt innan innovasjon og design
 - definera delprosjekt
 - Starta opp prosjektet hausten 2010

Ansvar : Atheno AS og Samarbeidsrådet for Sunnhordland i samarbeid med Innovasjon Noreg

4. VIDAREUTVIKLA NÆRINGSSAMARBEIDET I REGIONEN

Næringssamarbeid

I Sunnhordland går det føre seg mykje godt utviklingsarbeid, primært innan i bedriftene og næringane. I tillegg er det mange andre miljø som arbeider målretta for å vidareutvikla alt frå einskilde bedrifter og til heile regionen Sunnhordland. Desse aktørane tek initiativ, set dagsorden, koordinerar og gjennomfører konkrete prosjekt.

4.1 Team Sunnhordland – nettverksmodellen

Nettverksmodellen legg opp til eit tettare samarbeid med og imellom førstelinjetenesta i kommunane og er initiert av Samarbeidsrådet.

Mål

Testa ut nettverksmodellen gjennom praktisk arbeid for å sjå om ein gjennom auka samarbeid mellom aktørane kan få til ei auka satsing på innovasjon og nyskaping i regionen.

Gjennom nettverksarbeid mellom sentrale aktørar ønskjer ein å oppnå reell meirverdi i lokal/regional næringsutvikling i forhold til tradisjonelt næringsutviklingsarbeid i kommunane/næringsorganisasjonane, ved å dra nytte av samla kompetanse og nettverk blant aktørane.

Prioriterte oppgåver i 2010

- Vidareutvikla Team Sunnhordland
- Drøfta ei klarare rolleavklaring for å sikra effektivt samarbeid og arbeidsdeling.

4.2 Auka samarbeid mellom skule og arbeidsliv

Saman i Sunnhordland

Det er ikkje noko formalisert samarbeid mellom ungdomskular, vidaregåande skular og næringslivet i regionen. Det er likevel ein del einskildtiltak. Det er no teke eit initiativ til eit tettare samarbeid mellom skular og arbeidsliv i regionen. Arbeidet er viktig i høve til ”programfag til fordjuping”, men og i høve til langsiktig rekruttering og entreprenørskapssatsinga i skulane regionen.

Mål

Eit tettare samarbeid mellom skule og arbeidsliv.

Prioritert arbeid i 2010

- Prøva ut konkrete samarbeidsopplegg initiert av skular og arbeidsliv. Dette ved å tildela midlar etter gjevne kriteria til barnehagar eller barneskule 1-4 trinn som inngår eit forpliktande samarbeid med ein arbeidsplass i sin kommune eller i regionen.
- Lysa ut og tildela midlar
- Følgja opp prosjekta
- Rettleing til dei som kjem med
- Samarbeid med Ungt entreprenørskap
- Samhandling mellom aktørar for å sikra at elevane får god nok opplæring innan "Programfag til fordjuping":

4.3 Kvinnovasjon

Kvinnovasjon er ein del av Regjeringa sitt arbeid med å styrke entreprenørskap blant kvinner. Noreg treng fleire kvinner som etablerer egne bedrifter. I 2013 er målet til Stortinget at andelen kvinnelege etablerarar skal auka til 40 prosent.

Atheno AS har prosjektleiinga i Sunnhordland i tillegg til hovudprosjektet i Hordaland. Her i regionen vert det samarbeidd tett med Samarbeidsrådet for Sunnhordland og ei regional prosjektgruppe. I Hordaland samarbeidar ein med Nyskapingsparken i Bergen og næringshagane på Voss, Odda og Mongstad. Prosjektet vert styrt av SIVA (Selskapet for Industrivekst) og vert finansiert av Kommunal- og regionaldepartementet. Satsinga skjer elles i samspel med Hordaland Fylkeskommune og Innovasjon Noreg.

Prioritert arbeid 2010

- Medarrangør av kick off seminar for prosjektet i Sunnhordland
- Medarrangør fire nettverkssamlingar vår og haust
- Oppfølging av etablerarar

5. FOLKEHELSEPROFIL

5.1 Samhandlingsreforma

Reforma legg opp til at dei ulike delane av helse- og omsorgstenestene skal betre si evne til å svara på pasienten sine behov for koordinerte tenester.

Samarbeidsrådet for Sunnhordland har vedteke å arbeida etter følgjande scenario:

Fyrtårn Sunnhordland

- Ta leiinga, handla proaktivt
- Etablere eit heilskapleg pasientfokus i kommunane
- Forpliktande og langsiktig interkommunalt samarbeid rundt vedteken prosess
- Utvikla robuste kompetansmiljø innan definerte fagområde
- Nært samarbeid med Helse Fonna

Mål

Sunnhordlandsprosessen – med basis i kvar kommune sitt arbeid, utvikla ei forpliktande interkommunalt samhandlingsplattform på overordna nivå – som legg premissane for vidare arbeid.

Prioritert arbeid 2010

- Arbeida vidare med ”Sunnhordlandsprosessen”
- Eiga arbeidsgruppe der alle kommunane er representert

5.2 Turløyper

Kvinnherad kommune har utarbeidd eit turstiprosjekt i Kvinnherad. Gjennom dette prosjektet har 40 turstiar i kommunen blitt gjort tilgjengeleg. Kvinnherad kommune har utarbeida ein mal for presentasjon av stiar på nett, som og kan nyttast i andre kommunar. Eit godt tilrettelagt nett av turstiar i regionen vil kunna vera med på å styrkja eit førebyggjande helsearbeid.

Ei slik satsing harmonerer godt med den nye reiselivsstrategien for Sunnhordland, der vandring har fått ein sentral plass. Eit godt tilbud innanfor førebyggjande helsearbeid og friluftsliv kan i tillegg gje ein positiv profilering av regionen.

Mål

Gjennom auka tilgjenge og informasjon om turløypene skal folk i Sunnhordland verta meir fysisk aktive.

Prioritert arbeid i 2010

- Arbeida for at alle kommunane utarbeider eigne turstiprosjekt.
 - Informasjonsmøte med ressurspersonar i kvar kommune.
 - Tilrettelegging av informasjon om dei ulike turstiane på www.visitsunnhordland.no

6. SAMARBEIDSRÅDET SOM MØTEPlass OG DRØFTINGSORGAN

Det vil kontinuerleg dukke opp saker som krev felles drøfting og uttale eller handling frå regionrådet. Det kan vera spørsmål av felles interesse for heile regionen eller spørsmål som er viktig for den einskilde kommune, der ein kan ha nytte av å få regionen med seg.

Samarbeidsrådet for Sunnhordland skal vera den ønskja samarbeidspartnaren for kommunane, fylkeskommunen, naboregionar og staten i deira arbeid for ein heilskapleg regional utvikling.

For å vera proaktive i høve til viktige saker for regionen har Samarbeidsrådet nedsett ulike fokusgrupper som har eit særleg ansvar for å ha ekstra fokus på dei ulike områda.

I tillegg er møta i Samarbeidsrådet for Sunnhordland eit stad for drøfting og handling.

Det er og viktig å involvera andre lokalpolitikarar i dette arbeidet.

Prioritert arbeid 2010

- Felles møte mellom formanskapa i regionen
- Sjå elles C8

C ANDRE VIKTIGE OPPGÅVER FOR SAMARBEIDSRÅDET

7. Bidra til gode interkommunale løysingar for tenesteproduksjon

7.1 Interkommunalt/interregionalt samarbeid

Mange oppgåver er i dag løyst interkommunalt. I åra som kjem vert det venta auka behov for interkommunale løysingar på fleire saksområde. Spesielt vil dette merkast i dei minste kommunane, som i verste fall vil kunne oppleva problem med å rekruttera naudsynt kompetanse innanfor sin tenesteproduksjon. Det er i denne samanheng viktig at regionrådet vert gjort til ein arena for drøfting av slike spørsmål, og at det vert etablert regionale prosjekt der dette er teneleg for å vurdera grunnlaget for samarbeidsløysingar.

Priortert arbeid i 2010

- Felles møte mellom formannskapa i regionen
- Fellesmøter med Haugalandrådet, Hardangerrådet, Business Region Bergen
- Overordna planstrategi for Haugalandet og Hardanger

7.2 Vidaregåande skular

Dei vidaregåande skulane vil ha viktige roller som regionale utviklingsaktørar. Skulane bør ha undervisningstilbod som høver med næringslivet sine behov. Dei kan vera faglege og pedagogiske sentra for vidareutdanning og for prosjektsamarbeid mellom skule og næringsliv.

Prioritert arbeid i 2010

- Ta initiativ til å laga ein plan for kva linjer som skal ligge til dei einskilde skulane i regionen.

Planarbeid

7.3 Interkommunal strandsonoplan for Sunnhordland

Mål

Bli pilotregion i høve til differensiert forvaltning av strandsona etter den nye Plan og Bygningslova.

Delmål : Få ned talet på søknader om dispensasjon

Hordaland er det fylket som har flest søknadar om dispensasjonssaker.

Delmål : Berekraftig forvaltning av strandsona i Sunnhordland

Det er ynskjeleg for forvaltninga av kystsona i Sunnhordland at vern, næringsutvikling og busetnad skal vere ein del av ei berekraftig utvikling i kystsona.

Delmål : Utarbeida ein felles plattform for forvaltning og fortolking av lovverket.

Dei folkevalde, administrasjon og fylkesmann/ og eller fylkeskommunen vil gjennom arbeidet få ei felles plattform å arbeida ut i frå. Dette vil vera med på å gjera arbeidet lettare for alle partar og gje dei folkevalde ei større ”rolle” innan lokaldemokratiet.

Prioritert arbeid 2010

- Oppstart av arbeidet med Interkommunal strandsonoplan for Sunnhordland

- Søkja Kommunal og regionaldepartementet om pilot status for differensiert strandsoneforvaltning.
- Utarbeida kriteria for kartlegging av funksjonell strandsone
- Kartleggja funksjonell strandsone
- Utarbeida framlegg til differensiert forvaltning av strandsona

7.4 Revidering av fylkesdelplan for Sunnhordland

Fylkesdelplan for Sunnhordland vart vedteke i Fylkestinget i juni 2005. Ut i frå vanlege tidsperspektiv for slike planar er det snart tid for ein revisjon.

Prioritert arbeid i 2010

- avklara med fylkeskommunen for å drøfta ei rullering av planen
- definera innhald og omfang av planen

7.5 Overordna planstrategi for Sunnhordland og Haugalandet

På eit felles møte i Hardanger juni 2009 hadde Ola Berrefjord eit innlegg der han sa noko om potensialet som ligg i ei større samhandling mellom dei tre regionane. I tillegg vart administrasjonane i råda utfordra til å arbeida vidare for å sjå på ei større samhandling innan reiseliv, energi og samferdsle.

Haugalandrådet og Samarbeidsrådet er samde om å utarbeida ein felles overordna plan, og at kvar region ut i frå denne lagar sine egne meir detaljerte planar. Dette gjer arbeidet med detaljdelen enklare, og kan omhandla meir lokale utfordringar og moglegheiter i planprogrammet

Prioritert arbeid i 2010

Utarbeida eit felles strateginotat som blant anna skal seia noko om

- reiseliv
- energi
- samferdsle
- petromaritime klynga

7.6 Samferdselsplan for Sunnhordland

Eit avgjerande område for vår region dreier seg om utvikling av samferdselstilbodet, både internt i regionen, men ikkje minst inn og ut av Sunnhordland. I mange år har me vore vitne til ei flott utvikling når det gjeld stam-/riksvegar både i Rogaland og i Bergensområdet. No gjeld det å få utviklinga i desse regionane til å hengja betre saman med utviklinga i vår eigen region.

Mål:

Leggja fram ein revidert samferdsleplan for Sunnhordland med prioriteringar til handlingsprogrammet for Nasjonal Transportplan 2014-2017 og Fylkesvegplanen for same periode

Prioritert arbeid i 2010:

- Utarbeida anbudsgrunnlag for arbeidet med planen
- Finansiera arbeidet
- Starta opp arbeidet hausten 2010

8. Driva aktiv påverknad for å sikra regionen og den einkilde kommune sine interesser i regionale og nasjonale spørsmål

For å sikra ein aktiv påverknad og ei større samhandling har Samarbeidsrådet i møte 23.10.09 vedteke ein politisk handlingsplan.

Mål

Fremja Sunnhordland sine interesser ved aktiv påverknad og informasjon.

8.1 Kommunepolitikarar

Det er viktig at saker som er oppe til drøfting i Samarbeidsrådet for Sunnhordland vert orientert om til kommunepolitikarane. Då kan ein få til ei større forankring av sakene og dermed fleire som kan vera med å fremja sakene.

Tiltak

- Ordførarane orienterer i kommunestyremøte / formannskapsmøte kort om sakene som var oppe i siste møte i Samarbeidsrådet.

8.2 Fylkespolitikarane

Fylkespolitikarane må kjenna til kva saker som er viktige for Sunnhordland. Departement og Storting legg vekt på vedtak i fylkesting / fylkesutval. Difor må representantar frå Sunnhordland og resten av Hordaland verta orientert om kva saker som er viktige for regionen og Samarbeidsrådet sitt syn på saka..

Tiltak

- Minst eit møte i halvåret mellom representantar frå Samarbeidsrådet og sentrale fylkespolitikarar
- Representantane frå Sunnhordland får tilsendt saker og referat frå møta i Samarbeidsrådet.
- Representantane vert oppmoda om å orientera om viktige saker som rådet har vedteke i sine grupper.
- Arbeida for at dei ulike nemndene/utvala legg møter til Sunnhordland

Desse møta er og viktige for at Samarbeidsrådet får informasjon om kva saker dei ulike utvala arbeider med.

8.3 Administrasjonen i Hordaland fylkeskommune

For å halda god kontakt med fylkeskommunen er det nyttig med eit møte med fylkesrådmann og stab. Det er ein fordel at eit slikt møte vert halde før budsjettarbeidet om hausten – seinast i september. Kven som møter frå Samarbeidsrådet vert avgjort i høve til kva saker som skal drøftast.

Tiltak

- Møte med fylkesrådmann og stab ein gong i året.
- Arbeida for at Hordaland fylkeskommune vert observatør i Samarbeidsrådet.

8.4 Bergen som motor for utvikling av Hordaland

For utvikling av Vestlandet og ikkje minst Hordaland har Bergen ei sentral rolle – og har definert seg som ”Motor” for utvikling av Hordaland. For Sunnhordland har Bergen alltid vore viktig og har synt resultat. Bergen kommune og Samarbeidsrådet gjekk blant anna saman og gjennomførte ei utgreiing ”Hurtigferje mellom Sandvikvåg- Halhjem”.

Tiltak:

- Møte med sentrale politikarar frå Bergen kommune
- Møte med Business region Bergen.

8.5 Fylkesmannen i Hordaland

Samarbeidsrådet for Sunnhordland ser det som nyttig å ha god kontakt med Fylkesmannen og dei ulike avdelingane. Avdelingane kan variera frå sak til sak.

Tiltak

- Minst eit møte i året med Fylkesmannen.
- Møte med avdelinga som er relevant for dei ulike sakene.

8.6 Stortingsrepresentantane frå Sunnhordland/Haugalandet og Hordaland

Sunnhordland/Haugalandet

Det er svært viktig å halda god kontakt med representantane frå vår region.

Tiltak

- Representantane frå Sunnhordland/Haugalandet vert invitert til å delta på møta i Samarbeidsrådet for Sunnhordland.
- Representantane får høve til å nytta Samarbeidsrådet for Sunnhordland sine kontor som møteplass for kommunar / innbyggjarar. Dette kan t.d vera fyrste måndag/fredag i kvar måned.

Hordalandsbenken

Samarbeidsrådet for Sunnhordland har dei fem siste åra reist til Oslo for å ha møte med Hordalandsbenken. Dette er møter som har vore nyttige, og er viktige å halda fram med. Samarbeidsrådet bør prioritera få, men viktige saker til desse møta. Dette utelukke ikkje at representantar frå Samarbeidsrådet møter Hordalandsbenken oftare dersom det kjem opp behov.

Tiltak

- Møte med Hordalandsbenken på Stortinget ein gong i året.

8.7 Departementa

Samarbeidsrådet har hatt møte med fleire departement dei siste åra. Kva departement som skal vitjast må knytast til prioriterte saker. Det må ikkje vera eit mål i seg sjølv å møta i flest departement. Møta kan vera knytt til møta med Hordalandsbenken. Dersom det kjem opp enkeltsaker bør Samarbeidsrådet verta flinkare å ta kontakt med/møta i departement som har ansvar for den aktuelle saken. Det er ikkje ein føresetnad at heile Samarbeidsrådet møter kvar gong.

Tiltak

- Møte med aktuelle departement minimum ein gong i året.



8.8 Bruk av media

Samarbeidsrådet er for lite synlege i media. Viktige saker i regionen bør profilerast av Samarbeidsrådet for Sunnhordland.

Tiltak

- Styreleiar og eller leiar i fokusgruppene skal ha ansvar for å profilera saker som er viktige for arbeidet i Samarbeidsrådet for Sunnhordland.
- Nytt nyhendebrev for pressedekning
- Pressekonferansar

9. ORGANISERING OG STYRING

9.1 Regionalt næringsfond

Regionalt næringsfond er midlar som vert tilført Sunnhordland frå Hordaland fylkeskommune. Midlane skal medverka til å nå fylkeskommunale mål for utvikling. Midlane vert forvalta av eit eige styre bestående av ordførarane og repr. frå næringslivet.

Mål

Midlane skal medverke til å realisera fylkeskommunale mål for utvikling, særleg innan kompetanseheving, omstilling, nyetablering, innovasjon og nyskaping i næringslivet, og tilrettelegging for dette.

Prioriterte områder i 2010

- Nyskaping/etablering
- Reiseliv
- Marin sektor/Havbruk
- Kulturbasert næringsutvikling
- Omdømmebygging/rekruttering
- Energi

Midlane til direkte støtte til bedrifter/ etablerarar skal brukast i kommunane Austevoll, Bømlo, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Sveio og Tysnes.

Prioritert arbeid 2010

- Prioritera bruken av midlane
- Marknadsføra midlane
- Sakshandsama søknader, prioritera og tildela midlar

9.2 Kompensasjonsmidlar 2007-2013

Frå 01.01.07 fekk delar av dei områda som sidan 2004 har hatt full arbeidsgjevaravgift gjeninnført differensiert arbeidsgjevaravgift. I Hordaland gjeld det 7 kommunar. Dei kommunane som ikkje fekk gjeninnført differensiert arbeidsgjevaravgift, vil fortsette i ei kompensasjonsordning tilsvarande den som har vore for perioden 2004 til 2006. Dette vil gjelde dei 7 kommunane Modalen, Kvam, Jondal, Tysnes, Kvinnherad, Etne og Bømlo. Administrasjonen i Samarbeidsrådet er sekretariat for styringsgruppa i Hordaland.

Prioriterte arbeidsoppgåver i 2010

- laga plan for bruk av midlane
- følgja opp tiltaka i handlingsplanen
- delta i styringsgrupper / prosjektgrupper
- sakshandsama søknader om midlar
- informasjon / marknadsføring av midlane
- rapportera
- diverse

Rammer :

- 2007 kr. 29,0 mill kroner
- 2008 kr. 34,7 mill kroner
- 2009 kr. 42,6 mill kroner
- 2010 kr. ?

10 ANNA

10.1 Innovasjonskafe – design

I januar 2010 vart det arrangert ein Innovasjon – og design kafe i næringsparken på Bømlo. Føremålet med kafeen var å gje bedriftene informasjon om design som verktøy for å verta meir konkurransedyktig. Erfaringane frå dette arrangementet var så gode at det bør arrangerast fleire, på andre stader i regionen.

Prioritert arbeid i 2010

- Arrangera minst to innovasjon og design kafear.

Ansvar

Atheno AS, Samarbeidsrådet for Sunnhordland i samarbeid med team Sunnhordland

10.2 Nyskappingskonferanse

Nyskappingskonferansen har som målsetjing å inspirera og informera nyetablerarar, bedrifter og andre om erfaringar og moglegheitlar innan nyskaping. Konferansen har vore gjennomført i fem år og har dermed vorte ein tradisjon.

Mål

Gjennomføra ein årleg nyskappingskonferanse retta mot bedrifter og etablerarar/gründarar.

Prioritert arbeid i 2010

- Utarbeida program
- Få på plass føredragshaldarar og kulturelle innslag

Ansvar

SNU AS, Atheno AS og Samarbeidsrådet for Sunnhordland